

Årsrapport 2012 Stord kommune

Universell utforming

1.0 Innleiing

Stord kommune har vore pilotkommune og ressurskommune frå 2005, og har denne visjonen:

Stord kommune er eit samfunn for alle

Stord kommune inspirerer i ord og gjerning andre til å arbeide med universell utforming

Internt i Stord kommune har målet vore å ha stor merksemd på arbeidet med universell utforming, og at tilsette og politikarar har kunnskap og forstår kva eit samfunn for alle inneberer.

I arbeidet med å vere ressurskommune har me eit mål om å medverke i regionalt og nasjonalt formidlings- og utviklingsarbeid på ein måte som gjev kunnskap og inspirasjon til folk utanom eigen organisasjon.

2.0 Organisering og forankring

2.1 Ansvar

Prosjektansvarleg: Knut Johannes Gram

Prosjektleiari: Ingrid Kambe Strømsnes til august 2012, Astrid Larsen ut år

Ressursgruppe pr 01.01.2013

1. Anne Jofrid Skibenes – Noregs Handikapforbund
2. Astrid Larsen – Prosjektleiari
3. Harald Oddvar Sæbø – Stord veg, trafikk og parkering
4. Marte Wirum – Eining for aktivitet og re/habilitering
5. Morten Anthonessen – Eining for regulering, byggesak og oppmåling
6. Nils Magne Blålid – Rådet for funksjonshemma, politikar - Vara
7. Sigrun Tufteland - Rådet for funksjonshemma
8. Rune Hansen - Stord kommunale eigeendom
9. Sylve Rusten – Utviklingsgruppa

Styringsgruppe: Administrativ leiing

2.2 Samarbeid

I arbeidet som ressurskommune er Stord kommune ein del av eit nettverk av ressurskommunar der Miljøverndepartementet er oppdragsgjevar og har nasjonal prosjektleiing. Ressurskommunar utanom Stord er Kristiansand, Eidskog, Porsgrunn, Trondheim, Verdal, Ullensaker, Risør, Sortland, Time/klepp og Vestre Toten/Gjøvik.

Ressurskommunane har også samarbeid med pilotfylka, som er Østfold, Aust-Agder, Rogaland, Møre og Romsdal, Oppland/ Hedemark, Nord-Trøndelag og Finnmark. Stord kommune ha hatt samarbeid med Hordaland fylkeskommune og med ulike kompetansemiljø.

Det har i 2012 vore prosjektleiar i 40% stilling. Ressursgruppe har hatt ca 2 møtar kvart halvår.

Forankring har skjedd mellom anna ved informasjon til strategisk leiing, kontakt med ordførar om konkrete saker og ved at ordførar og kommunalsjef har deltatt på kurs og konferansar.

3.0 Omfang og avgrensing

Ekstern verksemd:

- Spreie kunnskap om universell utforming via politiske miljø nasjonalt og internasjonalt
- Arrangere frukostmøte med tema universell utforming i plan og bygningslova for prosjekterande og utbyggjarar
- Gjennomføre K5 opplæring etter førespurnad frå andre kommunar (I samarbeid med K 5 instruktørar frå Kvinnherad)
- Gjennomføre kommunepresentasjon på Stord for deltakarar frå UD 2012
- Delta med innlegg på kurs og nettverk etter førespurnad
- Undervise ved fagskular og høgskular etter førespurnad
- Halde kurs hausten 2012 for praktikarar / driftsfolk (Private føretak og kommunar i Sunnhordland)
- Vere kontaktkommune for Kvinnherad kommune som er pilotkommune for universell utforming
- Arrangere studietur til London i oktober 2012

Intern verksemd:

- Gjennomføre K5 opplæring for administrativ leiing og politikarar (er nye politikarar nå)
- Gjennomføre K5 opplæring om universell utforming for alle tilsette ved RBO
- Gjennomføre opplæring for forvaltningstyre, teori og erfaringssynfaring
- Halde kurs hausten 2012 for praktikarar / driftsfolk (eigen kommune KF)

- Lage og vedta plan for kompetanseheving i høve universell utforming for tilsette i Stord kommune
- Lage ein strategiplan for det vidare arbeidet med universell utforming etter prosjektperioden er avslutta
- Etablere eit apparat som har fokus på og ivareteke kompetanse om universell utforming i framtida (Framleis ressursgruppe etter prosjektperioden ?)
- Ådland helse og omsorgssenter; vere med i plan og prosjektgruppa for å sikre universell utforming
- Tilby å gi råd ved planlegging og etablering av bygg og uteområde, samt renovering av bygg gater, plassar og uteområde
- Gjennomføre synfaringar

4.0 Oppnådde resultat

Ambisjonsnivået har vore høgd, og kanskje for høgt med tanke på at det har vore 40% prosjektleiartstilling og alle andre som deltek gjer det innanfor rammer i eksisterande jobb. Alle mål er ikkje oppnådd.

Dette har vi gjennomført:

" Gjennomføre K5 opplæring etter førespurnad frå andre kommunar (I samarbeid med K5 instruktørar frå Kvinnherad)"

Vår K5 instruktør har hatt kurs saman med tilsett frå Kvinnherad i Askøy kommune, der fleire kommunal deltok. Det har vore ein forespørsel til om bruk av vår instruktør der instruktør ikkje kunne delta, elles ingen etterspørsel.

"Gjennomføre kommunepresentasjon på Stord for deltakarar frå UD 2012"

Stord kommune var initiativtakar til at delegasjonar til internasjonal konferanse om universell utforming i Oslo sommaren 2012 kunne besøke ressurskommunar for å få betre kjennskap til korleis praktisere universell utforming i Norge. Stord kommune gjennomførte eit dagsbesøk med tre representantar frå Korea. Det var givande og interessant besøk med lærdom begge vegar.

" Delta med innlegg på kurs og nettverk etter førespurnad".

To tilsette haldt innlegg på plankonferanse på Plannettverk Hordaland Fylkeskommune. Stord kommune var medansvarleg for landskonferanse i Bergen med tittel: Hit eit steg og dit eit steg. Ordførar Liv Kari Eskeland haldt innlegg på konferansen, og fleire ressurspersonar var med på befaring rundt omkring i Bergen by.



Foto: Astrid Larsen. Frå befaring i Bergen. Sylve Rusten, Stord kommune og Arve J. Nilsen, Byantikvaren

Det er publisert artikkel om Stord kommune sitt arbeid med universell utforming i Kommunal nettavis.

“Halde kurs hausten 2012 for praktikarar / driftsfolk (Private føretak og kommunar i Sunnhordland)”

Kurs for praktikarar hausten 2012 med tittel: Universell utføring i praksis. Det var 6 ulike firma som var representert i tillegg til tilsette i Stord kommune. Føredragshaldar var Gunnar Isdahl som sjølv er bygningsmann og har lang praktisk erfaring frå bygningsbransjen, og Heidi Kallevik Feed som er ergoterapeut. Det var god tilbakemelding på kurset.

“Tilby å gi råd ved planlegging og etablering av bygg og uteområde, samt renovering av bygg gater, plassar og uteområde”.

Me er heile tida på tilbodssida, i eksterne prosjekt er det ikkje alltid me får delta, mens internt får me stort sett delta. Det er bra kompetanse blant prosjektleiarar og andre, men me opplever like ofte at forståing for den praktiske utføringa av universell utforming ikkje er tilstrekkeleg.

Ressurspersonar for universell utforming har m.a. delteke i arbeidet med å gjere Jensanesvegen til eit eksempel på korleis leggja til rette fortau og busshaldeplasser for alle. Denne vegen har i 50 år vore gjenstand for diskusjonar og planar for korleis gjere meir trafikksikker før arbeidet endeleg blei satt i gang i 2011. Arbeidet pågår framleis.

Andre resultat:

- ✓ Kommunestyresalen i Stord Rådhus var moden for rehabilitering, og i planleggingsarbeidet har universell utforming vært sentralt tema. Resultatet har blitt ein vakker og moderne sal som blei tatt i bruk til kommunestyremøte i november 2012. Det er mellom anna tilgang for alle til podiet der talarstolen står, talarstolen er hev/senkbar og det er ledefelt i golvet.



- ✓ Plan for rehabilitering, helse og omsorg vart vedteken oktober 2012. I planen er det m.a. sagt at: "Folkehelse og universell utforming ligg til grunn for all verksemd i kommunen".
- ✓ Internt i Stord kommune er det stor merksemd på universell utforming. Alle planar har omtale av universell utforming, og administrasjon og politikarar kjenner til begrepet universell utforming. Skulebruksplan, trafikksikringsplan og kommunedelsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Stord kommune er under revidering og har vært jobba med i 2012. Universell utforming er viktig tema i planane.
- ✓ Pris for god tilgjenge har vore delt ut til Venelaget for Gruo. Stordøen Kisbruber er ein gamal grue som eit Venelag har jobba med i årevis for å restaurere, og dei har i den seinare tid vist kreativitet og entusiasme for å gjere gruvemiljøet tilgjengelig for alle. Prisen var på kr 10 000 kroner. Venelaget kom med ynskje om å bruke prispengar til lyssetting i ein av stollane, noko som sjølvstøtt blei innfridd.
- ✓ Stord kommune har godt samarbeid mot frivillige lag og organisasjonar som har fokus på friluftsliv og universell utforming av friluftsområde.

Økonomi

Stord kommune har mottatt kr 225 000 frå Miljøverndepartementet. Dei viktigaste utgiftspostane er løn til prosjektleiar i 40% stilling, utgifter til reise og opphald ved fellessamlingar, kurs for praktiskarar og utgifter til Pris for god tilgjenge. Det er brukt ca kr 50 000 av oppsparte midlar frå tidligare år.

6.0 Vurdering

Stord kommune har lenge vore med i arbeidet med universell utforming, og er ein av mange som jobbar for at Norge skal vere universelt utforma innan 2025. Vår oppleving er at internt i Stord kommune er det mange som kan noko om begrepet universell utforming og at det er god vilje til å lage gode løysingar. Planar inneheld ordet universell utforming, og vår reguleringsavdeling er flinke til å spørje etter planar for korleis utføre universell utforming i praksis. Stord kommune har estetikk som eit satsningsområde, og også innanfor universell utforming skal det spørjast etter det vakre og funksjonelle.

Tilsette har deltatt på mange samlingar for ressurskommunar, pilotfylkar og andre i regi av Miljøverndepartementet. Mykje tid går med til dette, men det er absolutt verd det for å få inspirasjon og kunnskap, men og for å få vere med å påverke nasjonale prioriteringar for vegen vidare mot et universelt utforma Norge. Prosjektleiar har mellom anna deltatt på samling for prosjektleiarar for pilotkommunar der det blei laga ein strategi for korleis delta aktivt etter at tida som ressurskommune er slutt.

7.0 Vidare arbeid med universell utforming i 2013

2013 er siste år som ressurskommune med midlar frå Miljøverndepartementet. Det er likevel naudsynt å halde fokus på at Stord kommune utviklar seg i riktig retning til å vere ein kommune der alle kan delta. Me trur og at kompetansen som er bygd opp gjennom dei 8 åra Stord kommune har deltatt aktivt i arbeidet, vil komme til nytte både lokalt og nasjonalt.

